

Folkets spørjetime

Før handsaming av saker, kan det avsetjast tid til at personar, organisasjonar og andre som ikkje er representantar i Kommunestyret, kan stille spørsmål til organet.

- Melding om spørsmål til Kommunestyret vert sendt ordførar seinast fire verkedagar før møtet vert halde.
- Kvart spørsmål/innlegg vert avgrensa til 10 minuttar.
- Spørsmål/innspele vert fremma munnleg i møtet av spørsmålsstiller, eller skriftleg som vert referert av ordførar. Omfattande spørsmål bør kome skriftleg.
- Spørsmåla skal, så godt det lar seg gjere, svarast på i same møte, eller i neste møte, ut frå spørsmålet sin art og omfang.
- Spørjetimen vert halde i opent møte, dersom ikkje anna følgjer av teieplikt eller anna omsyn i høve til lovverk.
- Det kan stillast spørsmål til kommunen si verksemd eller saker som det knyter seg allmenn interesse til.
- Folkets spørjetime vert avgrensa til $\frac{1}{2}$ time pr. ordinære kommunestyremøte.